

Styremøte SFSG 17.12.22 heima hjå Ragnhild

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Fossen, Anne Inger Moen, Egil Ove Helleland og Solgun Haugen

Styremøte kl 10.15 – 15.45

Sak 57/22. Tilbakemelding frå styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte Ragnhild – Haustsamling Skei 4-5.11.22

Erlend – Rep.møte Gardermoen 18-19.10.22, Haustsamling Skei 4-5.11.22, Teamsmøte for sentralt tillitsvalte i NSG 29.11.22,

Jo – Haustsamling Skei 4-5.11.22, Teamsmøte mjølkegeitgruppa 16.12.22

Anne – Haustsamling Skei 4-5.11.22

Solgun – Rep.møte Gardermoen 18-19.10.22, Haustsamling Skei 4-5.11.22

Egil Ove – ingenting

Sak 58/22. Oppdatert rekneskap

Styret tek oppdateringa til etterretning

Sak 59/22. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutval sau, Gjetarhundnemnda, Utval for mjølkegeit.

Avlsutval sau – ingenting. Fått inn Tom Idar Kvam som fast medlem i Avlsrådet for sau i NSG.

Gjetarhundnemnda – ingenting nytt.

Utval for mjølkegeit – Teamsmøte 16.12.22 ang innspel jordbrukstingingane, både frå mjølkegeitgruppa og innspel frå lokallaga. Kurs i jurdømming sidan kåring bukkekje vert slutt på. Diskuterte kandidatar Lykleprisen.

Sak 60/22. Oppsummering av «Haustsamlinga» 2022

«Haustsamlinga» 2022 vart arrangert på Thon hotell Jølster 4-5.11.2022.

Fredag var det fokus på dyrevelferdsmeldinga/dyrevelferdsprogram sau og produksjonskrav sau.

Laurdag var det føring og hold som stod i fokus i tillegg til lokallaga sin time, produksjonskrav sau og presentasjon av Vestland Bjøllelag. 1.vara til styret i NSG, Åshild Øritsland Våge, heldt innlegg begge dagane. Det var bra oppmøte begge dagar dvs som tidlegare år. Dårlig oppmøte i forhold til totalt tal medlemmar i SFSG.

Det var tema som engasjerte folk.

Sak 61/22. Innspel til jordbrukstingingane 2023, gjennomgang av innkomne innspel. Veien vidare.

Lokallaga vart oppfordra til å koma med tilbakemelding/innspel på kva som skal prioriterast under jordbrukstingingane 2023. Det kom tilbakemelding frå 12 lokallag.

Styret gjekk gjennom innkomne innspel og la ein plan for vidare arbeid med innspel til jordbrukstingingane frå SFSG 2023.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sak 62/22. Årshefte 2022 – fordeling av oppgaver og fristar.
Fordelte arbeidsoppgaver på styremedlemmene.

Sak 63/22. Årsmøte 2023 – Program dag 2 (fagdag) – fordeling av arbeidsoppgaver
Årsmøte vert 24-25.februar på Thon Hotell Jølster, med årsmøte fredag og fagdag laurdag.
Styret jobba med program for fagdagen og fordelte arbeidsoppgaver.

Sak 64/22. Kandidatar til nasjonale prisar

I 2023 skal NSG dela ut dei nasjonale prisane Gromsauen, Lykleprisen og Gjetar'n att. Fylkeslaget er oppmoda om må koma med innspel til kandidatar til dei ulike prisane.

Styret gjekk gjennom innkomne forslag til kandidatar til dei ulike prisane frå lokallaga.

Sak 65/22. Ymse

a) Betaling sekretær kåring pr registrert værelam

Styret diskuterte praksisen med at dei som registrerer på kåringane får utbetalt kr 20,- pr registrert lam.

Styret vedtok å senda saka over til Avlsutvalet for sau i Sogn og Fjordane for vidare handsaming/vurdering. Som ein del av sitt eige budsjett.

b) Kartlegging beitebruksplanar hjå kommunane i gamle Sogn og Fjordane

Styret gjekk gjennom tilbakemeldingane frå kommunane i gamle Sogn og Fjordane ang beitebruksplanar.

Styret sende ut e-post til alle kommunane i gamle Sogn og Fjordane med spørsmål om dei har beitebruksplanar eller planar om laga til slike.

Dei fleste kommunane har ikkje kome med tilbakemelding. Av dei som har svart er det kun ÅLA som har ei beitekartlegging. Ingen andre har og har heller ikkje planar om å laga til ein slik plan.

c) Hjelp til lokallaga med purring av medlemmar som ikkje har betalt medlemskontingenten

Styret gjekk gjennom ulike tilbakemeldingar frå lokallaga etter at ein sende ut e-post namn på medlemmar som ikkje hadde betalt medlemskontingenten.

d) Lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport og andre pliktige dokument

Styret gjekk gjennom status over lokallag som fortsatt ikkje har levert årsrapport i 2022 etter at det er sendt brev til dei lokallaga det gjeld. NSG sentralt fekk kopi av alle breva.

e) Årsmøte SFSG og dekking av utgifter av til representant frå lokallaget

Styret vedtek at ein nyttar ubrukte avsette midlar til lokallaga til å dekkja årsmøtedeltaking for ein representant frå kvart lokallag. Styret dekker berre for dei som er med på heile helga.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit



f) Teams-møte med lokallaga om «min side»

Styret bestemte at det vert teams-møte for alle medlemmar i SFSG tysdag 10.januar kl 20.30 – 22 om «min side»

Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694